

Lindås kommune

KULTURPLAN 2010 – 2020

Ein strategisk handlingsplan for utviklinga av kultur i Lindås kommune



**Her er mitt
Lindås!**

**Ja..., men
korleis ser
det ut om 10
år?**



Innhald



Forord	3
Overordna mål for kulturfeltet	4
Kommunale kulturinstitusjonar.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Frivillig sektor	9
Barn og unge	12
Kunst- og kulturformidling	13
Idrett og friluftsliv.....	14
Kulturvern og museum.....	14
Kultur og næring	17
Oversikt over lag og organisasjonar.....	26 Feil! Bokmerke er ikke definert.

Forord

Kommunestyret vedtok i møtet 18.09.2008 at det vert utarbeida ein kulturplan for Lindås kommune. Det ble nedsett ei arbeidsgruppe med utspring i Levekårsutvalet. Gruppa fekk ei tverrpolitisk samansetning og eininga for kultur og aktivitet vart sekretariat. Kommunestyret sette ei tidsramme for planen, som skulle ut på høyring hausten 2009 og eit forslag til plan skulle leggest fram for kommunestyret innan utgangen av 2009. Hausten 2008 vart det invitert til folkemøte på Ostereidet, Lindås og Knarvik for å få innspel til planarbeidet. Media vart også nytta for å kjendtgjera at det var ønskjeleg med innspel frå innbyggjarane. Innspel frå møta og skriftlege innspel frå enkeltpersonar og lag/ organisasjonar har vore svært nyttig og er delvis innarbeidd i planforslaget. Arbeidsgruppa har hatt til saman 9 møtar.

Kommunen har mykje og vera stolt over på kulturfeltet. Det er også ein politisk vilje til å satse på kultur. Det at kommunen no satsar på å vinne kåringa av kulturkommune seiar mykje om det. Ein overordna kulturplan har vore eit sagn. Både for å kunne synleggjera alt som syd og kokar av aktivitet på kulturfeltet, men mest for å definere overordna mål og målsettingar som alle involverte kan strekkje seg etter. I tillegg trengs det forslag til konkrete tiltak for å nå desse måla.

Kommunestyret vedtok 11.06.09 at Lindås kommune skal vera tufta på følgjande verdiar:

- **Inkluderande**
- **Framtidsretta**
- **Kvalitetsmedviten**
- **Tenestevillig**

Der draumar blir røyndom

Den nye visjonen for kommunen vert: Der draumar blir røyndom

Kulturplanen vil å byggje på desse verdiane og denne visjonen. Planen skal vera eit strategisk verktøy for vidareutvikling av kulturfeltet i Lindås kommune. For å få til det har vi valt å vera mål- og handlingsorientert. Planen skildrar difor meir enn 100 tiltak for dei neste 10 åra. Når og om dei ulike tiltaka blir iverksette er avheng av den økonomiske ramme kommunen har og føringar gitt i andre planar.

Det utvida kulturomgrepet ligg til grunn for planen. Det vil seie at ein tenkjer både på tradisjonelle kunst- og kulturuttrykk, lag og foreiningar, det fysiske miljøet med idrett og friluftsliv, fritid og tilgrensande samfunnsområde. Planen vil difor vera eit overordna styringsverktøy for heile kulturfeltet. For enkelte område som til dømes idrett og kulturvern vil det vera behov for meir detaljerte planar. Kommunedelplanar for desse områda vil supplere den overordna planen.

Kommunen ser at frivillige lag og organisasjonar er heilt sentrale når det gjeld å utvikle eit godt kulturtilbod i kommunen. Difor har dei også ein sentral plass i kulturplanen.

Det er eit ønskje at planen skal være eit godt verktøy for alle som er involverte i kulturfeltet i Lindås. Difor har det vore ei hard prioritering for å finne kva som skal stå i ein plan som omhandlar eit så stort felt. Men arbeidsgruppa trur at skal planen vera eit levande verktøy, må den vera kortfatta og presis. Planen bør verte rullert kvart 4.år

Når no utkastet vert sendt ut på høyring ønskjer me at flest mogleg les utkastet. Me er takksame for alle innspel! God lesing!

Venleg helsing:

May Eva Sandvik
Leiar arbeidsgruppa

Øyvind Stang
Kultursjef/ Einingsleiar kultur og aktivitet


Knarvik 12.august 2009

OVERORDNA MÅL FOR KULTURFELTET

- Kulturlivet skal vera inkluderande og for alle.
- Den frivillige innsatsen skal stå sentralt i kulturlivet. Lag og organisasjonar skal verta stimulerte og støtta.
- Bygdeidentiteten skal ivaretakast.
- Det skal tilretteleggjast for gode oppvekstvilkår for barn og unge
- Kulturtilbodet skal spegla kulturarven og samstundes vera nyskapande og synlig.


Alle måla som kjem fram i dei ulike kapitla i planen er delmål for å nå dei overordna måla. Først nokre utfordringar og tiltak av meir overordna karakter:

Utfordringar:



- Lindås kommune er ein attraktiv kommune som mange vel å flytte til. Kommunen vil vera ein av kommunane med størst folketalsvekst i Hordaland dei neste ti åra.
- Mange av våre nye innbyggjarar vil vera barn og familiar. Behovet for kultur og fritidsaktivitet vil berre auke.
- Auka tilflytting vil føre til større mangfald. Større mangfald gjev større moglegheiter.
- StorBergen veks og ha behov for nye forstadar. Det vil vera utfordrande for kommunane i randsona til Bergen og halde på sin eige identitet.

Kostratal for Lindås kommune. Tala seiar noko om kor mykje Lindås kommune bruker på kulturfeltet om ein samanliknar seg med andre kommunar. Gruppe 8 viser eit gjennomsnittstall for kommunar det kan vera naturleg å samanlikne seg med. Dei kan til dømes vera like store. Det kan vera mange feilkjelder til kostratala, men hovudtendensane er likevel rimeleg klare.



Dei siste åra har det altså vore ein tendens at Lindås kommune brukar mindre og mindre midlar på kulturfeltet i forhold til andre område. Noko som gjer at vi ligg godt under gjennomsnittet på landsbasis, i Hordaland og for liknande kommunar.

Tiltak knytt til dei overordna måla:

- 1 5 % av Lindås kommune sine årsbudsjett skal nyttast på kulturfeltet
- 2 Kommunen auke ramma for den økonomiske støtte ordninga til lag og organisasjonar med 50%. Idrettsrådet og eit eventuelt song og musikkråd blir tatt med på råd og blir ein viktig samarbeidspartnar for kommunen.
- 3 Eit godt kulturtilbod vert utvikla i Knarvik med nytt kulturhus og Knarvik idrettspark som base. Knarvik utviklast til å bli "ein levande by" for regionen, som tar vare på strilekulturen, i staden for at område bli ein forstad til Bergen
- 4 Ungdomsrådet vert støtta og får delegert mynde i saker som vedrører ungdom. Kommunen prioriterer anleggsutvikling som gjer barn og unge eit godt fritidstilbod.
- 5 Kommunen brukar aktivt omtale av det rike kulturtilbodet i all marknadsføring og profilering av kommunen. Det vert satt fokus på nyskaping, for å møte nye trendar/ behov på kulturfeltet.

KOMMUNALE KULTURINSTITUSJONAR

Lindås folkeboksamling

Drifta av Lindås folkeboksamling er ei lovpålagt, kommunal oppgåve. Institusjonen har hovudbibliotek i Knarvik senter, filial i Lindåshallen og ein bokbuss som primært vitjar barnehagar og skular. **I tillegg driv Lindås folkebibliotek bokbåten på vegne av Hordaland fylkeskommune. Kommunen mottek driftstønad for dette.**

Lindås folkeboksamling skal vere **ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt – jmf biblioteklova**. Biblioteket er ein viktig møteplass for innbyggjarane, og har gjennomsnittleg 60.000 besøk i året. Ny teknologi vil føre til nye og endra arbeidsoppgåver for biblioteket. Informasjon vert i større grad henta frå og formidla via nettet, og biblioteket må utviklast til ein digital læringsarena for dei gruppene som søker grunnleggjande digital kompetanse.

Ei hovudoppgåve frametter vil vere å tilretteleggje for ulike "møter" med innbyggjarane i det fysiske rommet, både på biblioteket og som oppsøkjande verksemd. Det kan dreia seg om varierte arrangement, og formidling av informasjon og litteratur på ulike måtar. Biblioteket skal spesielt vektleggje arbeidet med barn og unge. Bokbussen skal vidareutviklast til eit mobilt kultursenter med aktiv litteraturformidling og formidling av andre kulturelle uttrykk.

<p>MÅL</p> <p>Brukarane skal få raske og gode svar.</p>	<p>TILTAK:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gjere lån frå biblioteket raskare for brukarane og frigjere meir tid til informasjonsarbeid direkte retta mot publikum, ved hjelp av ut-og innleveringsautomatar • Det skal utarbeidast og setjast i verk eit kompetansehevingsprogram for dei tilsette. • Mediebudsjetet må aukast 	
<p>Brukarane skal møte eit spanande lokale som det er enkelt å orientere seg i.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Oppfølging av innreiingsplan • Biblioteket skal utviklast til ein møteplass med jamnlege arrangement for barn og vaksne. Utviding av post for arrangement. • Det skal vere aktuelle utstillingar regelmessig gjennom året • Det skal arbeida for at hovudbiblioteket får sentralt plassert lokale som er store nok til å tilfredsstille krava til eit moderne bibliotek på vår kommune sin storleik • Biblioteket skal vere pådrivar i arbeidet med den interkommunale heimesida "Mitt Nordhordland". 	
<p>Biblioteket skal vektleggja samarbeid i og utanfor kommunen for å kunna gje brukarane eit best mogleg tilbod</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Biblioteket skal ta initiativ til samarbeid med barnehagane, skulane, seniorsentra, kulturskulen og lag/organisasjonar • Leggje til rette for studenter 	
	<ul style="list-style-type: none"> • Barn og unge i Lindås skal vere 	

<p>Barna i Lindås kommune skal bli gode lesarar.</p>	<p>prioriterte brukargrupper for biblioteket.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Bokbussen skal vere ein viktig arena for formidling av barnelitteratur og andre kulturuttrykk. Det skal vere jamnlege aktivitetar på bussen. • Folkebiblioteket skal opprette ein litteratursentral for barn og unge, der hovudoppgåva vert å samordne litteraturtilbodet ved bokbuss, folke- og skulebibliotek i kommunen, drive litteraturformidling for grupper og klasser, utarbeide tilrettelagte mediepakker og nett-tenester til bruk i undervisninga og fremje tilrettelagt litteratur og program for dyslektikarar. Opprette eit leksehjelpesenter og vidareutvikle "Etter skuletid"-tilbodet. Delta i arbeidet med den kulturelle skulesekken. • Det bør opprettast ei stilling som litteraturformidlar som har til oppgåve å drive litteratursentralen. 	
	<ul style="list-style-type: none"> • Lindås folkeboksamling skal vere kommunen sitt kompetansesenter for litteratur og informasjon 	

Lindås kulturskule



Lindås Kulturskule vart skipa i 1986, og har i løpet av sine vel 25 år etablert seg som ein sentral og levande kulturinstitusjon i kommunen. Kulturskulen har hovudbase i Knarvik, men undervisninga føregår òg desentralisert med Ostereidet og Lindås som ytterpunkt. Om lag 500 born/unge får kvar veke opplæring i musikk, dans, drama og visuelle kunstfag (300 av desse som elevlar i Kulturskulen, resten gjennom korps som kjøper subsidierte tenester av Kulturskulen). I tillegg kjøper vaksenlag dirigenttenester til kostpris. 23 lærarar og dirigentar har Kulturskulen som sin arbeidsplass, og dei syter alle for at både kvalitet og breidde vert ivaretekne som sentrale begrep i Kulturskulen si verksemd.

<p>Mål:</p> <p>Gje tilpassa undervisning til alle interesserte born og unge som ønskjer opplæring innan kunstnariske fag og auka deltaking frå grunnskuleelevane</p>	<p>Tiltak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Utvide/gjenopprette dei tilboda som i dag har lange ventelister • Behalde kontingenten uendra på 2009 nivå • Utvikle tilbod for fleirkulturell integrering. • Oppretthalde desentralisert undervisning der det er mest
--	---

	<p>naturleg</p> <ul style="list-style-type: none"> • Få større areal for samlokalisering i dei desentraliserte kulturskulesentra på Lindås, Alversund og Ostereidet
Kulturskulen skal vera eit kulturpedagogisk ressurscenter i kommunen	<ul style="list-style-type: none"> • Utvikle samarbeidet med grunnskulen gjennom prosjekt som Den Kulturelle Skulesekken • Utvikle tilbod til førskulebarn i samarbeid med barnehagane • Bistå med fagleg kompetanse på prosjektbasis utanfor skulen si ordinære verksemd • Greie ut konseptet "3-grep-på-gitar" – eit lågterkelstilbod
Kulturskulen skal utvikla seg vidare innan kvalitet, mangfald og tverrfagleg verksemd, og i tillegg vera ein god og utviklande arbeidsplass for kunstfagleg personell.	<ul style="list-style-type: none"> • Finne gode modellar for kreativt samarbeid på tvers av disiplinær • Få fleire og gode, lydisolerte øvingsrom som kulturskulen har råderett over – der ein kan sette inn instrument, teknisk utstyr, kulissar og diverse hjelpemiddel på permanent basis, og der det er fysisk rom for tverrfagleg samarbeid • Få adskilt arbeidsplass og opphaldsrom for dei tilsette. Arbeidsplassen må vere tilrettelagt slik at fagleg oppdatering og praktiske førebuingar for den einskilde er moglege

Fritidsklubbar og sjølv-organisert fritid

Lindås kommune har 3 kommunale fritidsklubbar. Desse finn ein på Lindås, Ostereidet og Alversund.

Fritidsklubben tilbyr det mange i alderen 13-18 år etterspør mest: ein brukarstyrt stad å vere med høg sosial faktor der dei kan utfalde seg. Fritidsklubben er den viktigaste arena for sjølvorganisert fritid. Mange ungdommar nyttar tilbodet. Nokre av dei har klubben som einaste fritidstilbod, mens andre er aktive i andre lag/foreningar i tillegg, men treng eit tilbod der dei kan drive aktivitet på eigne premisser, utan krav til prestasjonar.

Kraft'n ungdomsklubb i Alversund er ein møteplass for ungdom mellom 13-19 år. Fritidsklubben har særleg fokus på sjøaktivitetar, men tilbyr også aktivitetar innan musikk, film hobbyaktivitetar mm

Klubb Entry på Ostereidet vert dreven i leigde lokalar på Hindenes. Klubben gjer tilbod som t.d. spel, musikk, dans, hobbyaktivitetar, mat mm.

Lindås fritidsklubb vertr dreven i Lindåshallen. Klubben skal være eit attraktivt stad for ungdom i området til å utøva sin kultur i form av musikk, dans, hobbyaktivitetar mm.

Mål:	TILTAK:
Ungdom i Lindås kommune skal ha trygge møtestader der ungdom sjølve har stor medverknad.	<ul style="list-style-type: none"> Vidareutvikle dei tre ungdomsklubbane i Alversund, Lindås og Ostereidet skulekrins til attraktive møtestadar for ungdom Ungdom skal få tilbod om opplæring i brukarmedverknad Lindås kommune skal vere ein samarbeidspartnar for lag/organisasjonar som ønskjar å utvikle nye, opne møteplassar for barn/unge
Tilbodet til ungdom skal vera mangfaldig	<ul style="list-style-type: none"> Det skal vera tilbod om "Open Hall" i alle kommunale idrettshaller
Ungdommens kulturmønstring (UKM) skal ha større appell hjå ungdommen.	<ul style="list-style-type: none"> Arrangere UKM workshops i forkant av UKM arrangementet Vidareutvikle UKM i samarbeid med kommunane i Nordhordland Sende inntil 12 ungdom vidare til UKM fylkesfinale
Lindås kommune skal vere mottaks- og sendarorganisasjon for EU sine ungdomsprogram – AKTIV UNGDOM	<ul style="list-style-type: none"> Utvikle nettverksamarbeid med europeiske organisasjonar Samarbeide med lokale organisasjonar om AKTIV UNGDOM prosjekt Informere om EU sine ungdomsprogram – AKTIV UNGDOM

Frivilligsentralen - kompetansesenter

Frivilligsentralen er ein nærmiljøsentral der aktivitet er retta mot alle. Frivilligsentralen har ein brei aktivitetsprofil med vektlegging på gjensidig nytte og likeverd av å delta i felles prosjekt, og med målsetjing om å skape levande lokalmiljø der lokalmiljøa er. Frivilligsentralen blir nytta som eit kompetansesenter og ein møteplass der døra er open og folk blir møtt og ivaretatt. Tilbakemeldinga frå brukarar av Frivilligsentralen seier at det er godt å vere der og at dei får svar og rettleiing på spørsmål. Nettverket Frivilligsentralen etter kvart har opparbeidd seg

kjem til nytte både innad i kommuneadministrasjonen, for lag og organisasjonar og for enkeltpersonar.

<p>MÅL: Frivilligsentralen skal kartleggje frivillig arbeid i Lindås kommune</p>	<p>TILTAK:</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Vedlikehalde register over frivillige lag og organisasjonar ▪ Kontinuerleg registrere og oppdatere ny frivillig aktivitet ▪ Halde oversikt over lagshus og lagshusaktivitet ▪ Vedlikehalde oversikt over arrangement ▪ Synleggjere frivillig arbeid sin verdi med mellom anna eit samfunnsrekneskap
<p>Frivilligsentralen skal koordinere samarbeidsarenaer</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeide med senior- og aktivitetssentra i kommunen som arena for sosialt samvær og personleg utvikling. • Samarbeide med idrettsråd, kulturråd, eldreråd, ungdomsråd, ungjobb, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og andre fellesorgan. ▪ Vere eit serviceorgan til hjelp og støtte for laga. ▪ Frivilligsentralen skal ha sekretariatsfunksjon for idrettsråd og kulturråd
<p>Frivilligsentralen skal vere eit sektorovergripande nærmiljøsentra med kompetanse på frivillighet</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Vere høyringsinstans for kommunen sine planarbeid som vedkjem frivillig arbeid • Arbeide for auka tilskot til frivillig arbeid • Gjere kjent lokale og nasjonale tilskotsmidlar • Vedlikehalde oversikt over arrangement
<p>Frivilligsentralen skal stø opp om frivillig aktivitet</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Vere høyringsinstans for kommunen sitt planarbeid som vedkjem frivillig sektor • Halde god kommunikasjonen med den frivillige aktivitet, t. d. folkemøte o. l. • Gjere frivillig aktivitet synleg i kommunale politiske og administrative fora. • Delta i den offentlege frivilligpolitiske debatt • Opprette informasjon på nett om frivillig arbeid der dette er formålstenleg

Rekneskap for frivillig arbeid

Det norske folk utfører ulønna arbeid tilsvarande ca. **115.000 årsverk**, medan løna arbeid i same sektor utgjer ca. **80.000 årsverk**. Driftmedkostnaden i frivillig sektor utgjorde over **80 milliardar** kroner og verdiskapinga i frivillig sektor (inkl verdien av det frivillige arbeidet) var på **101 milliardar kroner i 2010**. Det frivillige liv står for meir enn 4% av brutto nasjonal produkt (BNP). 35% av inntektene kjem frå det offentlige, 9% er gåver og 56% er eigengenererte inntekter (sal, lotteri, medlemkontingent osv).

Frivillige står for rundt **26 årsverk** pr 1000 innbyggjar som eit gjennomsnitt i landet. I Lindås vil dette seie rundt **390 frivillige** årsverk. Den ordinære arbeidsstokken utgjer ca halvparten av befolkninga og da er det rundt **7500 i ordinært** arbeid i Lindås. I snitt kan enn då seie at den

frivillige, ulønna innsatsen utgjer ca 19 % av det totale arbeidet i Lindås og kan verdsetjast til rundt **117 mill kroner**.

(Kilde; SSBs satelittrekneskap for frivillig sektor 2012. Dag Wollebæk og Karl henrik Sivesind; Fra folkebevegelse til filantropi. Karl henrik Sivesind; Frivillig sektor i Norge 1997-2004. Frivillighet Norge si medlemsundersøkelse 2009. St. melding nr 39 (2006-2007) Frivillighet for alle og SSBs levekårsundersøkelse 2007)

Dei frivillige organisasjonane

Dei frivillige organisasjonane i Lindås med 238 forskjellige lag og foreiningar fordelt på vel **15 000 innbyggjarar** treng ein styringsreidskap og ein kjensle av å bli høyrd. Alle frivillige organisasjonar forebyggjer i ein eller annan form. Men – organisasjonar misser medlemmar, samfunnet blir meir kommersielt, og noko av det frivillige organisasjonar har stått for, har dei profesjonelle overteke.

Saman med eining for funksjonshemma og frivillige lag/organisasjonar skal ein vurdere tiltak for auka deltaking av menneske med nedsett funksjonsevne i kulturlivet.

MÅL:	Tiltak
Betere rammevilkår for lag og organisasjonar	Auka ramma for den økonomiske tilskotsordninga til lag/organisasjonar vert auka Lindås kommune skal vere ein samarbeidspartnar for utvikling av det lokale organisasjonslivet
Skape fleire felles møteplassar for lag og organisasjonar	<ul style="list-style-type: none"> • Stø opp om festivaler og andre liknande tiltak
Auke kompetansen i lag og organisasjonar	<ul style="list-style-type: none"> • Bidra til at det blir halde kurs i styrearbeid, økonomi, bruk av internett, frivilligregister og liknande
Oppretthalde ein god dialog mellom kommunen og lag/organisasjonar	<ul style="list-style-type: none"> • Avhalde årlege folkemøter i Knarvik, Ostereidet, Lindås og Alversund
Barn og unge. Lindås kommune må leggje forholde til rette for at barn og unge blir aktive.	<ul style="list-style-type: none"> • Stø opp om lokale prosjekt som legg vekt på aktivitet, sosial kontakt utfordring og spenning • Samordne lavterskelaktivitet for menneske med spesielle behov • Informere og stimulere for tilrettelegging og utforming av aktivitet • Spre informasjon om eksisterande aktivitetar.

Den frivillige arena

I Lindås kommune finn ein mange møteplasser i form av bedehus, ungdomshus, lagshus, grendahus, gymsalar, idrettshallar mm. Dei fleste er eigd av lag/foreiningar. Laga søker i stor grad kulturmidlar til drift av hus og aktivitet. Ein ser tendens til avvikling av gamle bedehus og at nokre ungdomshus er lite i bruk.

MÅL:	TILTAK:
Lagshus, grendahus og ungdomshus	<ul style="list-style-type: none"> • Lindås kommune må ha oversikt over offentlege forsamlingshus

Idrettsbygg og gymsalar	<ul style="list-style-type: none"> • Ta sikte på at alle idrettsbygg og gymsalar i Lindås kommune skal kunne nyttast vederlagsfritt for unge under 19 år • Lindås kommune må vere i dialog med idrettslaga om vedlikehald og tilsyn av idrettsbygg/anlegg
Friluftsområde, idrettsanlegg og grøntanlegg kan nyttast av alle	<ul style="list-style-type: none"> • Lokale turkart må oppdaterast • Informere og stimulere for tilrettelegging og utforming av aktivitet • Informasjon om eksisterande friluftsområde må gjerast tilgjengeleg

Europeisk samarbeid

Kultur og aktivitetseininga skal ha eit aktivt internasjonalt engasjement med sikte på å fremje gjensidig kulturforståing og styrkja Lindås kommune som ein attraktiv, internasjonal samarbeidspartner innan kultur og fritid. EØS avtalen skal danne grunnlag for finansiering av ulike prosjekt.

MÅL: Auke internasjonalt engasjement og fremje gjensidig kulturforståing	TILTAK: <ul style="list-style-type: none"> • Gruppeutveksling • European Voluntary Service (EVS prosjekt)
---	--

Om å satsa på barn og unge



Ein barnevenleg og aktiv kulturpolitikk gir grobottn for gode oppvekstvilkår. Det er såleis viktig at barnekulturpolitikk blir ein del av kvardagen på alle områder i forvaltninga og på den politiske dagsordenen. Fysisk aktivitet og almen kulturell opplysning er med å auke livskvaliteten og helsa til barn.

Lindås har innbyggjarar frå mange ulike kulturar, og det er ei oppgåve for kulturektoren å skapa forståing og respekt mellom ulike kulturar, ikkje minst vil fokus på barna vere viktig.

Kultur og annan aktivitet i fritida er ein verdi i seg sjølv, og i eit velferdssamfunn bør barn og unge bli møtt med varierte fritidstilbod. Ungdomstida representerer ein fase i livet som med sine kvalitetar, spenningar og opplevingar har sin eigen verdi, og nettopp difor skal offentlege midlar brukast for å sikre gode kår i fritidssektoren. Den kommunen som investerer i gode oppvekstvilkår, har mykje å vinne.

MÅL: Barn og unge skal ha ei aktive fritid	Tiltak <ul style="list-style-type: none"> • Leggja til rette for gode aktivitetar retta mot barn og unge • Styrkking av det lokale organisasjonslivet retta mot barn/unge • Arrangere Open Hall i alle kommunale idrettshaller
---	--

- Arrangere sommerklubb for barn 1. til 6. klassetrinn

Barn og unge og medverknad

Lindås ungdomsråd (LUR) er eit rådgjevande organ som skal uttale seg i saker som er viktige for ungdom. Ungdomsrådet fattar vedtak, kjem med forslag, og ungdommens moglegheit til å påverknad. I tillegg kan barn og ungdom gjennom barna sin representant koma med framlegg i diverse planarbeid i hht Plan og bygningsloven. Kommunen har såleis gode erfaringar med å spørja ungdommane til råds, men har langt å gå for å få full utteljing.

MÅL:

Ungdomsrådet må få auka status og innverknad.

TILTAK

- Ungdomsrådet skal uttala seg om aktuelle saker og deira syn skal koma fram i kommunal sakshandsaming.
- Kommunestyret skal inkludere ungdomsrådet i opplæring, rettleiing og synleggjering

Opplæring / medverknad

- Samarbeide med lag/organisasjonar om opplæring/medverknad av unge tillitsvalgte

Kunst- og kulturformidling

Den kulturelle skulesekk (DKS) skal utvide barn og unge sine opplevingar og læring innan kunst og kultur som famnar om fortid, notid og framtid. Den skal gje lokalkunnskap om kommunen si historie, estetiske miljø og kjennskap til naturen rundt oss. DKS skal ta i bruk ulike uttrykksformer som teater, musikk, dans, film, litteratur, biletkunst, skulptur og arkitektur. DKS skal også bidra til auka kompetanseheving innan dei ulike fagområda.

Lindås kommune mottok årleg eit tilskot frå Hordaland fylkeskommune til drift av DKS.

Den kulturelle skulesekken (DKS) skal gje alle grunnskuleelevane minst to årlege møte med profesjonelle kunstnarar. Det er kulturpolitisk viktig at ein via DKS får gitt både nyskapande og kvalitativt gode kulturmøte.

MÅL:	TILTAK:
Skuleelevar skal få minst to årlege møte med profesjonelle kunstnare	<ul style="list-style-type: none"> Gjennom Den kulturelle skulesekken skal alle skuleelevar i Lindås få minimum 2 møter i året med profesjonelle kunstnarar. Det skal utarbeidast plan for DKS arbeid i Lindås kommune. Denne skal rullerast annakvart år.
Biletkunst skal finnast i kommunale bygg.	<ul style="list-style-type: none"> Ved alle nybygg skal det settast av 1,5 % av budsjettet til kunst/utsmykking.

Kulturhus

Draumen om eit kulturhus, sentralt plassert i Lindås kommune, har vore halden levande i ei årrekke. Bibliotek, kulturskulen, Frivilligsentralen og kulturkontoret på rådhuset kunne bltt samla i høvelege lokale. Dette ville blitt eit kraftsenter for kulturlivet i kommunen. En kommune med eit rikt kulturliv som Lindås kommune, treng og ei storstove som kan synleggjera alt kommunen har å by på. Kulturlivet i heile regionen har behov for ei slik storstove. Et kulturhus plassert i Knarvik vil og vera eit viktig element for å skape ein «bygdeby».

MÅL:	TILTAK:
Planleggja og realisere eit kulturhus sentralt plassert i Knarvik, i nær dialog med lag og organisasjonar.	<ul style="list-style-type: none"> Vurdere å opprette ei tverrpolitisk arbeidsgruppe for kulturhus

Kulturvern og museum

Lindås kommune har ei lang og innhaldsrik historie som har sett mange synlege, men også mange usynlege spor. Me deler gjerne den kulturhistoriske arven vår i materielle eller immaterielle kulturminne. Dei materielle minna er små og store, fysiske objekt, som me kan ta og føle på. Dei immaterielle minna våre er tradisjonane som menneske gjer liv til, i form av t.d. musikk, forteljingar, mattradisjonar, handverkskunnskapar eller dans.

Vi skal verne og ta vare på kulturminna våre som identitetskapande element, for dei som bur i bygdene våre, og som profilering av kommunen vår. Kulturminna er ei kjelde til kunnskap om fortida og menneska som har levd før oss. Formidla gjennom gode opplegg og forteljarar er dette kunnskap som kan gje oss ei betre forståing av vår eiga samtid, og rusta oss til møte med framtida.

Vi ynskjer også at kulturarven skal ha ein aktiv samfunnsrolle, gjennom å bidra med innhald til gode møte som utviklar fellesskap. Mattradisjonar, dans eller handverkskunnskapar kan vera utgangspunkt for møte mellom det lokale og dei som er nye innbyggjarar i kommunen.

Nordhordland deler felles kulturarv. Det vil vera ønskeleg at ein i større grad samarbeider regionalt kring utvikling av kulturvern og museum.

Lindås kommune har utarbeid kommunedelplan for kulturminnevern – 2011-2021. Planen vert rullert kvart fjerde år.

MÅL:	TILTAK:
<p>Samlingar: Sikre godt vern av kommunale og private samlingar, slik at dei kan vera tilgjengelege for publikum, og kan nyttast aktivt i formidling.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Sikre tilgang til fagkompetanse for dei frivillige, gjennom avtale med Museumssenteret i Hordaland om Kulturvernetenesta i Norhordland (KIN) Auka kunnskap om samlingsforvaltning, gjennom kurs, t.d. i samarbeide med KIN. I samråd med museumssenteret i Salhus, må det arbeidast for etablering av magasin / utstillingslokale
<p>Kulturminner: Sikre at kulturminna i kommunen vert tekne vare på og synleggjorde</p>	<ul style="list-style-type: none"> Auka kommunale tilskotsordning med 50% Sikre tilgang på fagleg kompetanse gjennom avtale om KIN
<p>Kulturlandskap: Ta vare på døme på særegne kulturlandskap. Nytt dei verna områda aktivt som kjelde til kunnskap.</p>	<ul style="list-style-type: none"> Stimulere grunneigarane til å ta vare på særegne kulturlandskap gjennom aktiv bruk av tilskotsordningar. Stimulere til etablering av kulturstiar og vandringar slik at kulturlandskapet vert ei kjelde til kunnskap og vert kombinert med fysisk aktivitet. Lynghesenteret har i dag ansvar for og kunnskap om forvaltning av det særegne lyngheilandskapet. Dette er kunnskap som bør gjerast tilgjengeleg i samband med vern og forvaltning av

<p>Immateriell kulturarv: Stimulere til å sikre den materielle kulturarven slik at den kan nyttast aktivt i formidling, i nyskapande verksemd og som grunnlag for møtestader for innbyggjarane i kommunen.</p>	<p>kulturlandskap i Lindås kommune.</p>
<p>Formidling: Kulturminne og kulturlandskap er kjelder til kunnskap og må gjerast tilgjengelege for publikum på ulike måtar og for ulike målgrupper.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Bruke stadnamn aktivt i ny adressering • Samlingsansvarlege som mottek tilskot må katalogisere samlingane sine og gjera dei tilgjengelege gjennom opningstider. • Kommunen støttar utarbeiding av kulturhistoriske undervisningsopplegg for grunnskulen gjennom midlar frå DKS.

Tilrettelegging for fysisk aktivitet

Innbyggjarane i Lindås kommune må kunne vere aktiv kvar dag etter eigne ønskje og føresetnader på allment tilgjengelege område i naturen og i anlegg i nærleiken av der dei bur. Lindås kommune skal saman med lag/foreningar tilretteleggje for fysisk aktivitet gjennom å ta vare på eksisterande anlegg og etablering av nye.

Lindås kommune vedtok i 2013 [Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2013-2023](#). Denne vert rullert kvart fjerde år. Neste gong blir i 2017. Planen gjer føringar for arbeidet innan feltet.

Det ligg føre nasjonale føringar for idrett/aktivitetsarbeid der St. meld. Nr 16 (2002-2003) "Resept for et sunnere Norge" er eit viktig dokument. Meldinga framhevar verdien av fysisk aktivitet for folk si helse og trivnad. "St.meld. nr. 14 (1999-2000), *Idrettlivet i endring*" seier meir om staten sitt forhold til idrett og fysisk aktivitet.

Det er viktig at det vert lagt til rette for mangfald, og at anlegga er tilgjengelege for alle (universell utforming).

<p>MÅL: Eksisterande anlegg skal ivareta som det skal etableras nye anlegg etter behov i aktuelle område</p>	<p>TILTAK:</p> <ul style="list-style-type: none"> • universell utforming • ha fokus på energi og miljø ved bygging og drift av anlegg til idrett og friluftsliv • informere om regelverk
<p>Lindås kommune vil framheve verdien av godt folkehelsearbeid gjennom fysisk aktivitet</p>	<ul style="list-style-type: none"> • stimulere til lavterkskelstilbod • i anleggsutviklinga skal det takast omsyn til barn, unge

	<p>og grupper med særlege behov for tilrettelegging</p> <ul style="list-style-type: none"> • anlegg med høg bruksnytte skal prioriterast • alle nye anlegg som vert bygde, bør ha sykkelparering • i overordna planlegging og reguleringsplanar skal det leggjast til rette for anlegg, areal og infrastruktur som gjer det lettare å vere i fysisk aktivitet • sikre grønne korridorar mot dei større friluftsområda, trygge turveggar i nærmiljøet, ved skular, barnehagar, i bustadområda og tettstadar • leggje til rette for parkeingsplassar ved innfallsportar til dei større, viktige friluftsområda
Rammevilkår	<ul style="list-style-type: none"> • gjere kjent lokale og nasjonale tilskot gjere kjent lokale og nasjonale tilskotsordningar (www.tilskuddsportalen .no) • stimulere til aktivitet gjennom tildeling av kulturmidlar • samarbeid med Idrettsrådet • gratis bruk av hallar for personar under 19 år
Idrettsrådet skal vere ein viktig samarbeidspartnar i idrettsfaglige spørsmål	<ul style="list-style-type: none"> • Idrettsrådet skal vere høyringsorgan for idrettsfaglige spørsmål i Lindås kommune

Kultur, natur og friluftsliv



Kommunen skal sikra verneverdige natur- og kulturmiljø for framtida.

Kommunen skal leggja til rette for aktivitet i naturen.

Det blir i åra som kjem viktig å legge forholda til rette for fysisk aktivitet, og ha gode tilbod innan lågterskelaktivitetar i nærmiljøet, spesielt på stader med tett befolkning og stor forventet befolkningsvekst. Her må det vera lett tilkomst til naturen.

Kulturlandskapet er i sterk endring, særleg ved gjengroing. Dette vil innsnevra bruken av naturen og tilsøra det visuelle kulturlandskapet.

Lindås har mange fine område for friluftsliv, og det vil være ein utfordring i perioden å gjera flest mogleg oppmerksame på opplevingane naturen i Lindås gjer.

<p>MÅL: Halda naturen i Lindås rein og open.</p>	<p>TILTAK:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Haldningskampanje mot innbyggjarane. • Tiltak i samarbeid med grunneigarar/landbruk for å hindra gjengroing av kulturlandskapet. • Laga vedlikehaldsplan for offentlege friluftsområde.
<p>Ta vare på område avsett til friluftsliv og leggje til rette for nye område</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Styrkje samarbeidet med Bergen og omland friluftsråd
<p>Sikra tilgang til å Bruka sjøen aktivt på fritid.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • I samarbeid med båtforeningane sikra båt plassar rundt i kommunen.

Kultur og næring

Kulturnæringane utgjer ein stadig større del av næringslivet i landet. Folket brukar kring 12 % av pengane sine på kjøp av kultur i brei meining. Kultur får ei sterkare økonomisk side, og gjennom det eit felles språk med næringslivet. Samhandling mellom private næringsaktørar, kunstnarar og den offentlege kulturøkonomien er aukande, og kulturbasert næringsutvikling blir vanlegare.

I den grad kultur gir opplevingar for tilreisande/turistar, har kultur vore av interesse for reiselivsdelen av næringslivet. Næringslivet er ein viktig støttespelar for særleg dei frivillige organisasjonane gjennom sponsorstøtte.

<p>MÅL: Utvikle kulturprosjekt i samarbeid med reiseliv og næring.</p>	<p>TILTAK:</p> <p>Stimulere til idretts- og kunstformidlingsaktivitetar som stimulerer og marknadsfører reiselivet langs Den indre farleia.</p>
	<p>Leggja til rette for aktivitet knytt til Lindås sjøslusar.</p> <p>Stimulera til fleire konsertar med lokale musikarar gjennom samarbeid med aktuelle festivalarrangørar og bevertningsstadar</p> <p>Stimulera til utvikling av tradisjonshandverk og mattradisjonar</p>